



Notat

Dato: 17.11.2014
Arkivsak: 2014/13022-13
Saksbehandlar: petton

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Spesialundervisning - oversendingsforslag - oktobertinget 2014

Fylkesrådmannen viser til spørsmål i fylkestinget 15.10.14 der Aud Karin Oen sette fram følgjande oversendingsforslag i sak 58/14:

«Spesialundervisning.

Omlegginga i budsjetteringa av dette området har resultert i færre søknadar om ressursar frå skulane.

- Kva tyder det?
- Er det færre som har behov?
- I tillegg: Kva er tala for opptak i 4. og 5. skuleår? (i høve til dette).

Oen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.»

Omlegginga i budsjetteringa dreier seg utelukkande om ei endring i måten å budsjettere spesialundervisning på.

Tidlegare blei ein del av midlane gitt i budsjettamma til skulane, medan ein del av dei samla midlane til spesialundervisning vart fordelt av Opplæringsavdelinga til skulane gjennom skuleåret.

Omlegginga inneber at alle ressursane til spesialundervisning er lagt ut i ramma til skulane. Dette gjer at midlane til spesialundervisning er meir føreseieleg for skulane, og det blir ikkje ein «kamp» om å skaffe seg mest mogleg av midlane som skulle fordelast gjennom skuleåret.

Det samla nivået på budsjettet til spesialundervisning har ikkje blitt redusert som følgje av omlegginga.

Elevar med vedtak om spesialundervisning:

- | | | |
|---------------------|-------------|-------------------------|
| • Skuleår 2010-2011 | 897 elevar | 5,1 % av totalt elevtal |
| • Skuleår 2011-2012 | 1040 elevar | 5,8 % av totalt elevtal |
| • Skuleår 2012-2013 | 823 elevar | 4,8 % av totalt elevtal |
| • Skuleår 2013-2014 | 880 elevar | 4,9 % av totalt elevtal |

Elevar med vedtak om utvida tid:

	4. år søkjarar	5. år søkjarar	JA	NEI
• Skuleår 2011-2012	65 elevar	11 elevar	65	11
• Skuleår 2012-2013	55 elevar	15 elevar	66	4
• Skuleår 2013-2014	60 elevar	22 elevar	79	3